

Referat møte i Samarbeidsutvalet 29.september 2015

Tilstades:

Tor Hauge – leiar FAU

Sigrun Kalhagen – nestleiar FAU

Marit Oline Sandvik – personalrepresentant

Svanhild Prestegård – personalrepresentant

Hanne Teigen – politisk representant

Anne Merethe Kvalsøren – styrar

Sak 1:

Godkjenning av årsplan.

Årsplanen er korta mykje ned i høve til kva den har vore tidlegare. Målet med årsplanen er at det skal vera eit arbeidsdokument for personalet og eit informasjonsskriv til foreldre og andre. Det skal vera ein raud tråd i det me driv med i barnehagen. Og måla som står i årsplanen skal nåast gjennom delmål i utviklingsplan og periodeplanar. Me meiner at sidan det skal stå mål på kvar avdeling sine planar, og ein evaluerar aktivitetar og kva fagområde til ei kvar tid driv med, så treng ikkje det stå kontkret i årsplan-dokumentet. Periodeplanane våre høyrer til årsplanen, og slik dokumenterar me og sikrar oss at alle fagområder blir representert i løpet av året. Anna informasjon som td PresPAS-prosjekt og andre prosjekt/tema skal ligge på heimesida.

Personalet har som mål å bli meir aktive på heimesida. Difor treng me at ting blir etterspurt.

Spørsmål om ein bør gå vekk frå å sende månadsbrev på mail, for då må foreldra sjølve leite fram dokumenta på heimesida og slik blir den meir i bruk. Styrar sjekkar opp korleis det er praktisk mogeleg i forhold til namn, bileter og anna som ein må ta omsyn til når ein skal legge dokument ut på nett.

Me håpar òg at årsplanen er i eit slikt format at den kan hengast på kjøleskåpet, og vera til nytte.

Årsplan godkjent.

Sak 2:

Foreldresamarbeid i barnehageåret 2015/2016

Julefest og sommarfest er dei to arenaene der ein samarbeidar.

Det har vore litt tilbakemeldingar på korleis julefesten blir best arrangert. Det har vore ulik kvalitet på julefestane. Barnehagen har nok framleis ikkje funne «si» endelege form på julefesten etter samanslåinga. Det har vore prøvd litt ulike variantar, og årets FAU vil ta ei evaluering på det som har vore tidlegare, og kva ein ser som kan fungere. Leiar i FAU ynskjer at styrar blir med på FAU-møta. Styrar seier ja til det.

Sak 3:

Ymse

Ved grinda ved Turkis/Oransj går folk ut i hekken for å kome i gjennom. Kva kan ein gjere med det?

Styrar tek kontakt med vaktmeister.

Ref: Anne Merethe